

Modalen kommune,

5729 Modalen.

Søknad om tilskot til istandsetjing av Filialen på Øvre Helland.

Coop Modalen søkte i 2013 Modalen kommune om stønad til å oppføra ny butikk på Øvre Helland. Dette vart avsege men i vedtaket står det:

»Etter nærmare søknad er Modalen kommune positiv til å delta i ei delfinansiering av ei oppgradering av eksisterande filialbutikk når prosjektkostnad er klarlagt»

Coop Modalen har hatt fagfolk til å vurdera kva som må gjerast med huset og fått eit overslag over kostnadane.

Skifting av vindauger, kledning m.m.	ca 800.000
--------------------------------------	------------

Oppgradering inne i butikken	ca 500.000
------------------------------	------------

Rehabilitering av skifertaket	ca 450.000
-------------------------------	------------

Arbeidet skal setjast i gang i vår.

Ein god og tenleg butikk på Øvre Helland er eit samfunnsgode og ein trivselsfaktor. Den er og viktig når det gjeld å etablera nye arbeidsplassar og få fleire til å busetja seg i kommunen.

Coop Modalen søker Modalen kommune om å få dekkja 50 % av kostnadane til rehabilitering av Filialen.

Det vert og sendt søknad til Merkur om stønad.

Modalen 9. januar 2015.

Helsing

Inga Jorunn Námndal

Inga Jorunn Námndal

Styreleiar.